

Kommunaldepartementet

Oslo

### **Oppfylgjande tiltak i høve regionalplan for Hardangervidda- definisjon av utmarksnæring.**

Me er kjende med at frå 1. januar er Planavdelinga i MD flutt til Kommunaldepartementet, som me då ser som rette adressat for spørsmål som nemnt over.

I Plandokumentet, vedteke av Fylkestinga, og teke til kjennskap av MD med brev dagsett 16. juli 2012, heiter det:

*Grunneiere som driver "landbrukets utmarksnæring"(støling, beitebruk, egen jakt og fiske, og foredling av fisk) kan bygge, rehabilitere og videreutvikle nødvendige driftshusvære og støler for å utnytte utmarksressursene på eiendommen.*

Vidare:

*Grunneiere som driver "annen utmarksnæring" som opplevelsesnæring (guiding) og utleie av jakt- og fiskerettigheter(opplistingen er ikke uttømmende), kan bygge næringsbygg for dette formålet etter nærmere planavklaring.*

MD seier i svarbrevet sitt:

*Planen har innført begrepet "annen utmarksnæring" (opplevelsesnæring og jakt- og fiskerettigheter). Begrepet kan bli ulikt anvendt i de ulike kommunene, noe som vil være uheldig for forutsigbarheten og helheten i planen.*

Sidan då er Hardangerviddarådet etablert som eit oppfylgjingsorgan for regionalplanen. I handlingsprogrammet for 2013-2016 heiter det:

*Det må på bakgrunn av dette utvikles felles kriterier for definisjon av "annen utmarksnæring" og definisjon av dokumenterbar næring.*

Så litt om historikken. Fram til 1991 var det praktisert ein vid definisjon. Dette året sa Planavdelinga i MD at jakt og fiske kunne vera landbruk slik PBL § 81 nemner dette, dersom produkta (kjøtet og fisken) blei selde, og aktiviteten blei driven saman med anna landbruk. Med litt andre ord blei dette stadfest i rettleiar T 1225 frå 2002. Her sa ein konkret ma. at "naturaltilskudd til egen husholdning vil falle utenfor begrepet stedbunden næring." I 2005 kom rettleiar T 1443 der ein held oppe kravet om næringsmessig tilknytning til gardsbruk, men set døra litt på glytt: "Bruk til andre formål, herunder utleie, i begrensede deler av året er tillatt". Lat det her vera nemnt at på Hardangervidda er det svært lite av det private arealet som blir drive saman med anna landbruk. Dette dels av di fjellstrekningar er fråselde i tidlegare tider, eller av di husdyrdrift er nedlagt den siste mannsalderen.

Denne tronge definisjonen av "landbruk/stadbunden næring" har det heile tida vore protestert mot lokalt, av grunneigarane, men og frå politiske organ. Ein meiner å vita at han er knesett av administrasjonen og ikkje politisk leiing i MD. Vidare at det har vore ei viss usemje mellom MD og MLD, men lat no det liggje. Etter kvart har fleire og fleire innsett det urimelege. Såleis blei "egen jakt og fiske" teke inn i definisjonen ved utarbeiding av Regionalplanen for Hardangervidda. Dette er såleis godkjent av MD, sjå over. Me meiner dette må tolkast kvalitativt, dvs. at fangsten kan vera tilskot til eige hushald. Noko anna er ikkje sagt i plandokumentet. I det heile vil me sjå organisering av aktiviteten ( sal av rettar, sal av produkt

eller eigen bruk) som underordna, det viktige i plansamanheng må vera ressursgrunnlaget. Lat her vera nemnt at i Forvaltingsplanen for Brattefjell-Vindeggen Landskapsvernområde er minsteareal som grunnlag for nybygging sett til 1 500 da.

I ein annan regionalplan (Heiplanen) gjeng ein endå eit steg vidare:

*Landbruks-utmarksnæringer, definert som støling, beitebruk, opplevelsesnæring, jakt og fiske, videresalg av jakt – og fiskeprodukt og foredling av fisk..*

Realiteten i dette er at utleige av jakt og fiske vil vera inkludert. FMTe protesterte, og MD svara:

*Det ville vært en fordel om veilederens definisjon ble lagt til grunn, selv om også den gir tolkningsmuligheter, men i mer begrenset grad. Hvilken definisjon som brukes for landbrukets utmarksnæringer er ikke av viktig nasjonal betydning.*

*Miljøverndepartementet **slutter seg ikke til innvendingene fra Fylkesmannen i Telemark.***

MD godkjende Heiplanen 17. juni 2013.

Stoda er såleis at det ein har stridd om skal vera inkludert - eigenaktivitet og utleige - er godkjent som ein del av omgrepet "landbruk/stadbunden næring" i samband med utarbeiding av regionalplanar. Godkjenninga er jamvel departemental. Då kan ikkje steget vera langt til å seia at slik skal det vera generelt - mao. leggje til sides det Planavdelinga i MD sa i 1991 og 2002.

**Me bed om at så blir gjort ved utarbeiding av ein ny rettleiar til PBL, eller i samband med gravlegginga av INON- omgrepet, varsla av Regjeringa.**

Hardangerviddarådet har så smått sett i gang eit prosjekt for å klargjera innhaldet i "anna utmarksnæring". Med ei klargjering som her bede om vil det arbeidet bli monaleg lettare, mogleg vil ein kunna skrinlegget heile tiltaket.

Argumentet mot ei slik klargjering kan vera at det vil kunna dukke opp byggverk i hopetal. Til det er å seia at eit visst ressursgrunnlag vil vera rimeleg, ved ei konkret vurdering i samband med einskildsaker, og i plansamanheng. Jf. det som er sagt over om Brattefjell-Vindeggen.

Rauland/Rødberg 24. januar 2014

Eli Hovd Prestegrården (sign.)  
ordførar i Nore og Uvdal  
Grunneigarsamskipnad  
leiar ordførarutvalet for H.vidda

Johan Vaa (sign.)  
leiar H.vidda

Kopi til Hardangerviddarådet